
Vår referanse 2021/5263-5
Dato 29.03.2021

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE) REGION VEST
Naustdalsvegen 1B
6800 FØRDE

Fråsegn til søknad om regulering og uttak av vatn frå Kvernavatnet i Øygarden kommune

Vestland fylkeskommune ved seksjon for kulturarv har vurdert saka som regional kulturmiljøforvaltar ved sakshandsamar Ambjørge Reinsnos.

Vi kjenner ikkje til automatisk freda kulturminne rundt Kvernavatnet. Nord for Telavågvegen, ved Smalhusaugen/Småstegane, er det kjend eit øydegardsanlegg frå jernalder/mellomalder (Askeladden-id 66509), og lenger mot søraust er det kjend ein heller med busetnadsspor frå same periode (Askeladden-id 15885).

Kvernavatnet er i dag oppdemma med ein meter, og ligg på 24 moh. Det skal ikkje gjerast endringar i vasstand i samband med uttak av vatn for nytt settefiskanlegg, og allereie etablert inntak og vassveg skal framleis nyttast. Området er ikkje vurdert til å ha stort potensial for funn av automatisk freda kulturminne. Vi har ikkje kulturminnefaglege merknader i saka.

Med helsing

Sølve Dag Sondbø
seksjonssjef

Bjørnar Tjøflot
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

ØYGARDEN
KOMMUNE

Ternholmvegen 2